

Tiltak mot skadeleg plante på Dyrstad – Nesbø

Det skal settast i gong tiltak mot ein uønskt plante i området Dyrstad – Nesbø no i sommar/haust. Planta det er snakk om heiter *boersvineblom*, og er ein framand art som kan vere til skade for den stadeigne floraen.

Opphavleg frå Sør-Afrika

Boersvineblomen kjem opphavleg frå Sør-Afrika. Den har spreidd seg med menneske til Europa, der den blir rekna som ein problemart. Til Noreg har den truleg kome som blindpassasjer med båtlaster frå Europa. I Vestland finst den berre i Bømlo og ved Svelgen i Bremanger. Til Bømlo kom den truleg i 1988-89, og tiltak vart sett i gang i 2011. Ved Dyrstad – Nesbø, ved Svelgen, vart vi tipsa om planten i 2022, og her blir tiltak sett i gang no i 2023.

Kan fortrenge stadeigne artar

Boersvineblomen spreier seg helst på åpen, forstyrra mark, slik som massedeponi, vegkantar mm, men kan òg få fotfeste i strandområde, i bergsprekkar og på beitemark. Den kan bli svært dominerande, og kan fortrenge heimlege artar. Planta kan òg vere giftig for beitedyr (slik som slektningen landøyda).



Boersvineblom er ein fleirårig plante med langsmale, spisse blad og gule blomar, som til slutt blir ein nesten meterhøg busk før den visnar ned om hausten.

Sprer seg med frø og jordmassar

Der boersvineblomen er etablert spreier den seg med store mengder frø med «fallskjerm», om lag som ein løvetann. Den kan òg spreie seg gjennom flytting av jord- og grusmassar, og det er nok først og fremst slik den har spreidd seg i Dyrstadområdet. Korleis den har kome seg til Dyrstad veit vi ikkje, men mest truleg har den kome med massar eller utstyr som har kome på land frå lasteskip.

Bekjemping

Metoden som blir nytta for bekjemping er lusing og sprøyting med glyfosathaldig sprøytemiddel. Luka plantar blir samla i sekkar og brent.

Ta gjerne kontakt

Gi gjerne melding om du trur du har planta på eigedomen din, eller tips oss om du kjenner til førekomstar du trur vi kan ha oversett. Luk gjerne planta sjølv, helst før den set frø, men ikkje kast plantar med blomar i bosset, eller på stader der frøa kan spreie seg vidare. Plantane må pakkast i sekk og leverast på gjenbruksstasjon. Sjå info hos NOMIL:

[Hageavfall og framande artar - \(nomil.no\)](http://nomil.no)

Kontaktpersonar

Inger Hilde, Bremanger kommune, inger.hilde@bremanger.kommune.no, 57796300

Olav Overvoll, Statsforvaltaren i Vestland, fmhooov@statsforvalteren.no, tlf. 55 57 23 15



*Tette kratt med **boersvineblom** ved Mosterhamn, Bømlo i 2011. I dag er planten nesten heilt borte.*